



DEN NORSKE KYRKJA
Hyllestad sokn

ÅRSRAPPORT 2021

HYLLESTAD SOKN



ÅRSRAPPORT – ÅRSBERETNING

Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellesrådssaker. Hyllestad sokneråd er organ for soknet på kommunenivå.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt mellom sokneprest (dette året to), kyrkjelydspedagog, kyrkjeverje og sekretær.

Alle har gitt viktige bidrag om sine ansvarsområde til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn. Ein aktivitet som også dette året, på grunn av koronapandemien, har vore redusert og litt annleis.

Koronapandemien varde dessverre lenger enn det vi såg føre oss då det nye året starta. Slik som i 2020 var det dette året òg varierende grad av nedstenging.

Namnregistrering og minimum 1 meter avstand har vore regelen når det har vore restriksjonar. Faste tilviste plassar tyder at vi viser folk til der dei skal sitje, og bli sitjande, under heile arrangementet, med unntak av når ein beveger seg ved dåp og nattverd.

Etter at ein gjennomførde julegudstenestene i 2020 med påmelding og maks 50 deltakarar, vart det ny nedstenging frå 4. januar der det var anbefalt å avlyse alle fysiske samlingar.

Frå 19. januar og i om lag ein månad kunne ein ved offentlege arrangement vere 10 deltakarar + medverkande. Gravferder kunne framleis ha 50 deltakarar + medverkande.

23. februar vart det opna for inntil 100 deltakarar med faste tilviste plassar + medverkande. Avstand minimum 1 meter. Ved song var anbefalinga 2 meter avstand.

25. mars vart det ny innskjerping der det var anbefalt å avlyse arrangement eller avvikle med maks 20 deltakarar.

Påska i år var, som i fjor, heilt stengd for gudstenester.

Etter påske, frå 16. april, vart det på nytt opna for gudsteneste, med inntil 100 deltakarar i faste tilviste plassar. Avstandsanbefaling ved song var framleis 2 meter.

Frå 27. mai vart det opning for at ein kunne krysse kommunegrensene for å delta på arrangement. No kunne vi ha inntil 200 deltakarar med 1 meters mellomrom på faste tilviste plassar. Slutt på anbefaling om 2 meter avstand ved synging.

Dette galdt til 25. september kl. 16, då landet vart opna heilt opp og alle restriksjonane vart avvikla.

«Smittevernrettleiaren for Den norske kyrkja» vart avvikla.

No var det slutt på avstandskravet, antalsbegrensning og registreringsplikt.

Vi jubla og såg for oss at resten av hausten og jula dette året skulle bli «normal».

Men vi gledde oss for tidleg, natt til 9. desember var meteren tilbake. Det var òg registrering av namn og telefonnr. No kunne ein samle inntil 200 på faste tilviste plassar. Dette skjedde etter at ein ny virusvariant, omikron, breidde seg raskt og tok over etter den førre, delta.

15. desember vart det stramma ytterlegare inn. No var det på nytt inntil 50 registrerte deltakarar på faste tilviste plassar. Nytt no var at medverkande var inkludert i makstalet. I tillegg måtte vi også registrere på kva benk dei sat. Det vart no krav om munnbind når ein ikkje kunne halde 1 meter avstand. Julegudstenestene måtte på ny avviklast med påmelding. No vart arrangøren ansvarleg for smittesporing dersom kommunen bad om det. Tidlegare var det kommunen som hadde ansvar for smittesporinga.

Av alt det negative som pandemi og restriksjonar førde med seg, var nok det såraste å berre kunne ha 50 i gravferd, og der pårørende måtte invitere kven som fekk komme, og samtidig velje bort mange som hadde hatt lyst å vere med.

Endring av lovverk gjeldande frå 1.1.2021 som har innverknad på soknet si verksemd

Kyrkjeleg lovverk - endring

Kirkeloven «Lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke», slutta å gjelde 1.1.2021. Kirkeloven er, frå same dato, «erstatta» av eit eige kapittel i Trossamfunnsloven «Lov om tros- og livssynssamfunn», Kapittel 3. Den norske kirke .

Kirkemøtet har med hjemmel i trossamfunnsloven §§ 11, 12, 15 og 17 fastsatt en kirkeordning for Den norske kirke. *Kirkeordning 30. mars 2019 nr. 2307 for Den norske kirke*

Kirkemøtet bestemte at det meste i Kirkeloven «Lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke» inntil vidare skal gjelde, men er ikkje juridisk bindande.

Gravplasslova og gravplassforskrifta – endring av organ for godkjenning- og klagemynde Gravferdslova har skifta namn til gravplasslova.

Frå 1. januar 2021 har Statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) teke over bispedømerådet sitt ansvar for godkjenning av gravplassar og som klageinstans i saker knytt til gravferdslova og gravferdsforskrifta (som no heiter gravplasslova/gravplassforskrifta). Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vil ha ansvar for dette saksfeltet i heile landet. Der vil også gravplassrådgjevar-tenesta vera lokalisert.

Hyllestad sokneråd har 6 faste leke medlemer og 5 varamedlemer.

Faste medlemer: Linda Ølmheim, Reidun Skår, Steinar Urnes, Anny Dale Fureli, Liv Synnøve Andersen og Brit Inger Skaar.

Varamedlemer: 1.vara: Atle Tonning, 2.vara: Odd Takle, 3.vara: Magnhild Hofland, 4.vara: Kurt Arve Kjos og 5.vara: Rune Risnes.

Geistleg representant

Til 31.7.2021: Sokneprest Audun Systad, personleg vara: prost Knut Magne Nesse

Frå 1.8.2021: Sokneprest Karl Hjelmeland, personleg vara: Audun Systad

Når soknerådet handsamar saker som involverer kommunen (har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskot), møter representant frå kommunen.

Kommunal representant: Rune Risnes. Personleg vararepresentant: Stein Arne Solheim

Soknerådsleiar: Linda Ølmheim. Soknerådsnesteleiar: Steinar Urnes.

Tilsette hos Hyllestad sokn

Kyrkjeadministrasjon: 0.75 årsverk. Kyrkjesaker 25%, Irene Fløde –innleigd frå Fjaler sokn som dagleg leiar med hovudansvar. Kyrkjeseekretær 40%, Aslak Åm Sognnes. I tillegg til å vere sekretær har han ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjesaker og har praktisk tilsyn med kyrkjer og gravplassar, er altmogelegmann. 10 % ledig ressurs.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40%, Helge Oddvin Systad. Organist 35%, Erling Akse.

Trusopplæring, interkommunalt samarbeid: Kyrkjelydspeagog 75%, Toril Lange.

Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellelråd

Hyllestad si finansiering av stillinga er statstilskot til trus opplæring og restfinansiering med innsamla midlar.

Tilsett hos Bjørgvin bispedømmeråd: 0,6 årsverk.

Sokneprest 60%, Audun Systad til 31.7.2021. Systad gjekk 1.8.2021 over i ny stilling som seniorprest/prostiprest og har framleis ein del teneste i Hyllestad sokn.

Ny sokneprest frå 1.8.2021 er Karl Hjelmeland. I tillegg til teneste i Hyllestad sokn har han teneste i Lavik sokn og sokna på sørsida av Sognefjorden, totalt 100% stilling.

Soknepresten er, i tillegg til å være fast medlem i soknerådet, også representert i kommunen sitt kriseteam.

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Ulempa er at her, til liks med alle kontora i kommunehuset, er veldig lytt. Til fortrulege samtaler må soknepresten nytte kyrkja.

Soknerådsmøte

Soknerådet hadde 5 møte og handsama 48 saker. Soknerådet hadde fast møtedag på tysdagar frå kl. 17.00.

Årlege soknerådssaker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offertildeling. Val av leiar og nestleiar skal gjerast årleg.

Av andre saker kan nemnast:

- Festeavgift, regulering av satsar og vilkår. Kr 200 pr. år. Fri grav i fredingstida for alle busette i Hyllestad.
- Gudstenesteforordning for Hyllestad sokn med verknad frå 1.1.2022. Årleg 39 gudstenester: Hyllestad kyrkje, 27 stk. Øn kyrkje, 8 stk. Bø kyrkje, 4 stk.
- Lokal grunnordning for hovudgudsteneste i Hyllestad sokn. Gudstenesteliturgi.
- Trusopplæring interkommunalt samarbeid. Avslutte samarbeidet med Høyanger frå utgangen av året når kyrkjelydspedagog Toril Lange sluttar i Høyanger.
- Kommuneplanen sin arealdel – høyring
- Konfirmasjonsgudsteneste, endring av dag frå søndag til laurdag
Konfirmasjonsgudstenestene er bestemt flytta frå søndag til Laurdag. Dette er ønskt av veldig mange foreldre. Frå og med 2023 blir det konfirmasjonsgudsteneste i Hyllestad kyrkje siste laurdagen i april, i Øn kyrkje første laurdagen i mai og i Bø kyrkje andre laurdagen i mai.

Saker som gjeld kyrkje og kyrkjegard vert kommentert seinare under der det gjeld.

Kyrkjelydsmøte – soknemøte var etter gudstenesta 14.3.2021, samla 18 og vart leia av soknerådsleiar Linda Ølmheim. Dei to sakene på møtet var:

- ❖ Gudstenesteliturgi – Ordning for hovudgudstenesta i Hyllestad sokn.
Ingen hadde merknad til gudstenesteliturgien.
- ❖ Årsrapport – orientering av soknerådsleiar Linda Ølmheim samt av sokneprest Audun Systad og kyrkjelydspedagog Toril Lange. Ingen hadde spørsmål til rapporten.

Prostevitjing vart det heller ikkje dette året.

På grunn av koronapandemien har ikkje den «nye» prosten, Knut Magne Nesse fått gjennomført så mange prostevitjingar i prostiet.

LIVSRITER

	2017	2018	2019	2020	2021
Dåp - totalt	12	10	8	7	7
Dåp - busette i Hyllestad	7	7	4	5	4
Konfirmant	17	18	10	18	8
Vigsel	1	0	0	0	2
Gravferd	17	15	20	19	16

Tal dåp har nedgang. Konfirmantkulla er no synkende. Gledeleg med to vigslar etter fleire år utan. Tal gravferder er ganske stabilt.

Trusopplæringa v/Toril Lange

2021 vart nok eit annleis år; også i kyrkja.

Då vi planla trusopplæringstiltaka for 2021, rekna vi med at dette året ville alt bli nesten som normalt.

Men nedstengingar, restriksjonar, avstand og kohortar resulterte i at mange av aktivitetane første halvår, vart avlyste eller svært reduserte. Likevel kan vi glede oss over at vi trass alt klarte å gjennomføre nokre myldresamlingar og eit redusert opplegg for minikonfirmantar. Det er ein av fordelane med å bu i ein liten og oversiktleg kommune. Hausten 2021 fekk vi gjennomført tiltaka som planlagt.

Følgjande tiltak var planlagt for 2021.

Myldresamlingar vinter/vår:

Det var planlagt 1 myldresamling for born i alderen 3 til 6 år ein gong i månaden. Det kunne ikkje gjennomførast. I staden inviterte vi berre ein del av borna kvar gong, og vi brukte same inndeling/kohort som i barnehagen. Dermed kunne borna leike/bevege seg fritt, medan dei vaksne måtte halde avstand. Begge avdelingane for dei eldste borna og den eine småbarnsavdelinga fekk tilbodet 1 gong kvar. I mars/april var det difor til saman 3 samlingar med tema påske der 15 born deltok.

Tårnagenthelga i slutten av januar måtte avlysast også dette året. Vi satsar på at tårnagentar kan *bestige* kyrkjetårnet i Øn kyrkje vinteren 2022.

Det var **bibelutdeling og minikonfirmantpresentasjon** på utegudstenesta i Kvernsteinsparken søndag 24. januar. *Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga* – vart utdelt. Dei 4 samlingane – 4 onsdagar i februar/mars, -frå rett etter skuletid og i ca 1 ½ time - vart gjennomført som planlagt. Heller ikkje dette året kunne ein gjennomføre minikonfirmant-weekend på Alvøra – der ein samla minikonfirmantar frå fleire bygder i Ytre Sogn. I staden vart det i slutten av april ein minikonfirmantdag på Alvøra – men berre for Hyllestad. Denne dagen var i samarbeid men NMSU og Elisabeth Sowerby Dale. Søndag 9. mai var det gudsteneste i Hyllestad kyrkje der minikonfirmantane fekk diplom og perm. Det var totalt 8 minikonfirmantar denne våren.

Hausten 2021 kunne vi samlast stort sett utan restriksjonar.

Kvar haust har det vore egne samlingar for dei ulike aldersgruppene.

Vi har fleire gongar vurdert om vi skulle erstatte desse samlingane med myldresamlingar for alle frå 2 til 6 år. Men ein del av tiltaka er tilpassa ulike aldrar og vi har inntil vidare valt å halde fram med aldersinndelte tiltak.

Så i løpet av hausten 2021 har det vore:

Myldresamling for 2 – og 3-åringar .

Tema for samlinga var Noahs ark og bordvers.

Vi åt graut i lag og alle fekk med seg heim etebrikke med : *O du som settar liten fugl.* 8 born deltok.



4-årssamling og hausttakkefest med utdeling av bøker. I 2021 vart det delt ut: *Kyrkjeboka Mi (av Sindre Eide)* på hausttakkefesten og *Kyrkjeboka Mi-Aktivitatar* på 4-årssamlinga. 4-åringane hadde med seg skåler/korger med frukt og grønt som dei bar inn i kyrkja då hausttakkefesten starta. 8 av 9 born var med på ei eller begge samlingane.

Kyrkjerottesamling: Det var planlagt 2 samlingar for 5-åringar men kun 1 vart gjennomført. Fire 5-

åringar møtte og dei fekk med seg heim filmen - *Kirkerottene og Viggo i tårnet*.

Førsteklasses og Mi kyrkjebok 6. 5 av 8 6-åringar var med på Førsteklasses-opplegget. På samlinga ondagsettermiddag hørde vi om Bartimeus og dei fekk utdelt *Mi kyrkjebok 6 - Gjere saman*. På familiegudtenesta vart *MI kyrkjebok 6* delt ut.

Myldresamling advent/jul. Endeleg kunne ein invitere alle frå 2 til 6 år til ei felles myldresamling. 21 born møtte og det var eit yrande liv. Mange av borna fekk på seg kostyme og fekk ulike roller i juleforteljinga. Det var også song og lystenning, forming og englar, klementin og peparkake.



I 2021 var det ikkje **Lys Vaken** for 6.-7. klasse. Lys Vaken vert no arrangert annan kvart år. Neste gong vert hausten 2022.

Det er kjekt å invitere born og unge til ulike trusopplæringstiltak i Hyllestad kyrkje. Borna trivst godt i kyrkja, og det er lettvindt både med multimediaanlegget og kjøkkenet. Ein viktig aktivitet på dei fleste trusopplæringstiltaka, har vore måltidsfellesskap og vi har avslutta samlingane for borna med kveldsmat. Det har vi ikkje kunne gjort store deler av 2021, noko som har vore sakna. Samlingane har også vore ein møtestad for foreldre/føresette.

Likeins har kyrkjekaffi vore viktig på trusopplæringsgudstenester, men når vi ikkje kan «mingle», har ein kutta kyrkjekaffi på desse gudstenestene.

Etter soknerådsvalet hausten 2019, er følgjande med i **Trusopplæringsutvalet:**

Steinar Urnes (soknerådsrepresentant), Kari Nordbø Systad, Liv Kirsten Mjell Hofsvik og Toril Lange. Det manglar 1 medlem.

Utvalet har hatt 1 møte der ein evaluerte tiltaka som har vore og planla komande tiltak. Mykje av planlegginga og avtaler vert gjort via facebookgruppa til trusopplæringsutvalet. I denne gruppa er alle som er medarbeidarar i trusopplæringa med.

Vegen vidare.

Hyllestad kyrkjelyd har eit trusopplæringstilbod til dei fleste aldersgrupper. Skjønt for nokre er det kun 1 samling i året, og det er kanskje litt lite. Og vi kan glede oss over at mange born og unge er innoom kyrkja i løpet av året.

Men utan frivillige medarbeidarar hadde dette ikkje vore mogeleg – medarbeidarar som er med på samlingar gong etter gong. Takk!

Likevel er det ønskeleg med fleire medarbeidarar. Vi har snakka om å utfordre foreldre litt meir direkte og konkret, men koronaen sette nok også dette på vent. Tidlegare brukte vi også konfirmentar som ungdomsleiarar på trusopplæringstiltaka. Med koronaen vart dette vanskeleg.

I årsmeldinga for 2020, skreiv ein at det er tid for å revidere og forenkle trusopplæringsplanen og at det må gjerast i 2021. Det er ikkje blitt gjort.

Det bør kanskje ikkje vere ei revidering av heile planen, men ein bør starte med tiltaka som fungerer godt, og så ta utgangspunkt i kva ressursar ein har mtp frivillige, tilsette og økonomi og så justere tiltaka som alt finst og laga nye tiltak for dei aldersgrupper som i dag ikkje har noko tilbod.

Då tar vi fatt på 2022 med stor optimisme og håper på «normale tider» slik at vi kan samle born og unge og lære dei om Jesus.

Sokneprestane Audun Systad og Karl Hjelmeland

Gudstenester

	2017	2018	2019	2020	2021
<i>Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn</i>					
inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	50	53	47	43	45
Frammøte totalt	3207	3318	2597	1615	1573

Gudstenesteliv i Hyllestad

På same måten som 2020, må 2021 karakteriserast som «annleisåret» på grunn av coronaepidemien. Sjølv om talet på gudstenester ikkje har vore så mykje mindre, er frammøtet halvert i høve til åra 2015-2019, som ein ser i oversynet. Dette må restriksjonane ein har hatt, bere ikkje så lite av ansvaret for.

Våren 2021 var det fleire periodar med nedstenging, men som ein veit «naud lærer naken kvinne å spinne»! Då det kom nedstenging i januar, og ein berre kunne vere 10 i kyrkja, måtte ein prøve å vere litt kreativ. Talet ute var jo at ein kunne vere 50 samla.

Difor: 2 søndagar: 24.januar og 7. februar var *det friluftsgudstenester i Kvernsteinsparken*. På den første var minikonfirmantar presenterte og deltok. 36 møtte fram. På den andre var konfirmantane deltakarar, 24 møtte fram. Det var ganske imponerende, då det denne dagen var heile 12 minusgrader!

I påska og helga etter var det full nedstenging. Påskedagane skjærtorsdag, langfredag og påskedag var det opa kyrkje i Hyllestad. Nokre få fann vegen dit. Det var musikk, tekstlesing og høve til skriving av bønepapp. Rundt kyrkjegardsmuren var det det fine plansjar som omhandla «Via Dolorosa» - Jesu lidingsveg, og Jesu oppstoda og påsketida etterpå. «Deg være ære Herre over dødens makt.»

Noko som var spesielt denne våren, var at det vart gjennomført fleire eigne *dåpsgudstenester*. Sjølv om dåp eigentleg høyrer heime i ei gudsteneste der det er nokre frå kyrkjelyden er tilstades, var tilbakemeldinga frå dåpsfølgja at dei var takksame for å kunne ha dåpen i eiga gudsteneste. Det er jo og andre tilstades; kyrkjevertar og kyrkjeleg tilsette. Ei eiga dåpsgudsteneste får jo og mykje fokus på dåpsbarnet og dåpsfamilien ein slik dag, så det er kjekt at det kunne leggjast til rette for det.

Gledeleg er det på ny å kunne skrive at trusopplærings-gudstenestene samlar mange born og familiar. Her får ein unik kontakt med ei breidde av denne gruppa i kyrkjelyden. I dei aller fleste av desse gudstenestene står kyrkjelydspedagog, organist og sokneprest saman om planlegging og gjennomføring. Gode hjelparar i trusopplæringsutval og andre stiller også opp; av dei og fleire foreldre, som syner interesse og støtte. Dette har naturleg nok vore noko mindre høve til å gjennomføre også i 2021. Det skriv kyrkjelydspedagog meir om.

Føremonen i ein liten kyrkjelyd som Hyllestad er likevel at det er lettare å gjennomføre tiltak med mindre einingar.

17.MAI-FEIRINGA

2021 vart og annleis. Ein fekk ha gudsteneste, men avgrensa til omlag 45 til stades. Roy Harald Brendsdal, euphonium, saman med Erling Akse, orgel, sytte for flott tonefylgje.

I tillegg fekk kyrkjelyden også dette året delta i den digitale sendinga. John Gerrick Bårøy var dagen før i kyrkja og tok opp helsing ved sokneprest Audun. Eit kjekt samarbeid!

INNSLAG PÅ FACEBOOK

Mange kyrkjelydar har vore ivrige i å legge ut flott song- og musikkinnslag på diverse digitale plattformer i løpet av pandemien, kanskje noko mindre i 2021, Her hos oss vart det, 30.mars i «den stille veka» lagt ut eit innslag: «Påsketund ved steinkrossen» Der var det songinnslag ved Kirsten og Jostein Ryland. Audun Systad hadde andakten, og tok utgangspunkt i fragmentet av steinkrossen frå Hyllestad gamle kyrkjegard, ein av dei eldste i landet. Mange hadde vore inne på denne sida på facebook.

FRILUFTSGUDSTENESTER SOMMAREN 2021

Også før koronatida har det vore satsa på å ha ganske mange friluftsgudstenester i Hyllestad. I 2021 var det altså 2 på vinteren i Kvernsteinsparken, sjå ovanfor. I tillegg var det 2 om sommaren.



Søndag 27.juni kl.14 var det friluftsgudsteneste ved dagsturhytta. Då ved sokneprest i Askvoll, Kjell Olav Nordheim, og kyrkjemusikar Ingrid Nedrebø, som var sommarvikar, og hadde fiolen med dit opp. Ein fin stad å ha gudsteneste, om enn noko mindre frammøte den dagen enn året før.

Søndag 25.juli var det friluftsgudsteneste i Kvernsteinsparken, i eit fantastisk sommarver. Sokneprestane Knut Arne Kummeneiye og Audun Systad, hadde denne gudstenesta ilag. Knut Arne hadde

og med gitar og song solo, og han spelte og til songane. Audun hadde preika for dagen og orienterte om Kystpilegrimsleia. Ein fin flokk på 35 var samla.

Søndagen etterpå var det om lag same opplegg ved steinkrossen i Korssund, om enn med litt forskjellig arbeidsfordeling. Der kom det og fleire frå Hyllestad, tilsaman om lag 40 menneske. Veldig kjekt med slikt samarbeid.

Elles har den gode praten rundt kyrkjekaffien vore eit sakn og i 2021, sjølv om ein har hatt kyrkjekaffi somme gonger på ein enklare og smittvernforvarleg måte. Ein vonar at 2022 kan by på meir normale tilhøve igjen når det gjeld kyrkjekaffiar.

Gudstenesta med 50-årskonfirmantane vart utsett til 19.september. Om lag halvparten var møtt fram. På hausten har gudstenestene vore fordelt på Karl Hjelmeland som 1. august starta i eit årsengasjement som sokneprest i Hyllestad, Lavik og Høyanger sørside, og Audun Systad som gjekk over i ei stilling som seniorprest.

Koronarestriksjonane har halde fram året ut og også prega 2. halvår. Dei fleste gudstenestene har vore i Hyllestad kyrkje, og vi ser tydeleg at den ombygde kyrkja er langt meir tenleg for ulike typar gudstenester og arrangement. Av meir spesielle samlingar kan nemnast Tomasmesse 24. oktober der to lekmenn i kyrkjelyden, Jostein Ryland og Helge Systad deltok med tale/ vitnemål. Den årlege kyrkjelydsbasaren samla mange og den hadde ei liturgisk/gudstenesteleg innleiing. I løpet av hausten har det vore ein songkveld og fleire kyrkjekonsertar. Lysmessa 28. november var ei fin oppleving, men dessverre måtte den tradisjonelle julekonserten med lokale krefter avlysast på grunn av koronainnstrammingar i desember.

Gudstenestene på julaften i Bø og Øn vart gjennomførte med påmelding. 1. juledag i Hyllestad var det fri adgang, men noko færre frammøtte. Gudstenesteåret vart avslutta med gudsteneste nyttårsaftan.

Kystpilegrimsleia

Kvernsteinsparken i Hyllestad er ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilgrimsleia, som går frå Egersund til Trondheim. Den vart offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja 8.juli 2018. På ein «nøkkelstad» kan ein få «pilgrimspass». Det kom på plass i Kvernsteinsparken i 2019.

Sommaren 2021 utfordra bispedømet kyrkjelydane ved kysten om å lage arrangement. Så vart desse lagde ut på www.kystkultur.no . Prost Knut Magne Nesse og Audun Systad var engasjert i dette.

Oppgåva om «Steinkrossane frå Hyllestad- og den religiøse og historiske konteksten deira, vart brukt inn i dette arbeidet. Noko vart og lagt ut på nettsida til bispedømet.

Hyllestad sokneråd nedsette i 2021 ei steinkrossnemnd med følgjande medlemmer:

Astrid Waage, Linda Ølmheim, Steinar Urnes, Sigrid Solberg og Audun Systad.

Frå 1.8. 2021 gjekk Audun over i ei stilling som sokneprest/ seniorprest i Sunnfjord prosti, der han kan nytte noko av tida til å arbeide med Kystpilegrimsleia, og også Kvernsteinsparken som nøkkelpunkt der. Nemnda har hatt 2 møter i 2021, og rapporterer til soknerådet. Dei har støtta arrangement som er nemnde elles i rapporten. Dessutan vil dei og arbeide vidare med kontakt mellom sokneråd, kommune og forskjellige lag og organsisasjonar i Hyllestad. Til dømes Folkeakademi og historielag. Dei ser og for seg fleire arrangement i tilknytning til den store arven med steinkrossane som vart hogne ut i Hyllestad for over 1000 år sidan.

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Nedstenginga har og ført til meir ujamn frekvens på andakter og besøksdagar på omsorgssenteret. At det har vore såpass mange som 17 i 2021, skuldast at ein ei tid måtte ha samlingar på fleire avdelingar grunna smittevernet.

Det årvisse besøket av konfirmentar har måtte gå ut. Det er litt synd.

Ein har hatt mindre besøk på grunn av restriksjonane. Samstundes har ein likevel komme noko betre ut enn mange stader. At ein frå hausten 2021 har vore 2 prestar å dele på oppgåvene, Karl og Audun, har gjort at ein no kan ha 2 samlingar i månaden frå september 2021.

Organist Erling Akse kom attende i tenesta på slutten av 2021, det er flott, han har og mest ei diakonal oppgåve, då han kjenner mange. Jostein Kvåle deltek og der som frivillig medarbeidar.

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid

Mykje av arbeidet vårt i kyrkja har eit diakonalt preg, og vert omtala i årsrapporten elles. Ein skulle likevel gjerne hatt nokon inn i ei slik stilling . For sokneprestane sin del, har 2021 ført til ein del spørsmål om samtaler og sjelesorg.

Soknerådet gjekk i 2021 inn for å slutte seg til prosjektet «Inviterende kyrkje» Det er spennande å sjå kva det kan føre til for 2022. Prosjektet vert leia av diakon Marianne Magnussen i Bergen, og vert støtta med midlar frå Kyrkjerådet.

For kyrkjelydspedagogen, som kjenner mange born og foreldre i kyrkjelyden, vert kontakten der og av diakonal karakter.

Elles er det mange som har ei frivillig teneste som byggjer det diakonale omsorgsarbeidet.

Bønegruppa, som møtest kvar onsdag- eller torsdagkveld i kyrkja, har ei viktig oppgåve . Der kjem det inn bøne-emne frå menneske i kyrkjelyden, og det blir bede for dei samlingane som til ei kvar tid skal vere.

Anfrid Misje Åsmul leier bønegruppa.

Internasjonal diakoni med Kirkens Nødhjelp, der konfirmentar vert involverte, har ein lang tradisjon for. Også i 2021 vart denne digital.

Den årlege kyrkjelydsbasaren, med mange frivillige medarbeidarar, som sel lodd og går på husbesøk, kan gjerne kallast ei diakonal gjerning! Det var gledeleg at den igjen kunne arrangerast fysisk i 2021, med rundt 100 tilstades.

Involvering

Sjølv om det var mykje nedstengt i 2021 heldt arbeidet med involvering fram. Ein har frivillige klokkarar, konfirmentar og andre som deltek.

Organist og prest har fleire gonger formidla spørsmål om song- og musikk-innslag, noko som har vorte sett pris på. Kirsten og Jostein Ryland syng ved fleire høve, og formidlar spørsmål til andre. Det er verdfullt. Gruppa «Moreld», leia av dei sistnemnde, har og i 2021 delteke ved fleire høve. Søndag 21.november var det ein spesiell songkveld i Hyllestad. Organsist Kjell Ivar Aase frå Bygstad var musikkansvarleg og pianist. Leon Haugsbø deltok med temainnleingar.

Elles medverka fleire: Aina Beate Haveland, Kjell Olav Høstaker Nordheim og Jostein Ryland var solistar. Elles fleire fine innslag på bass, fløyte og saxofon. Stemninga var klar: Slike kveldar vil me ha fleire av!

Innslag om misjon og kontakt over landegrenser

Hyllestad kyrkjelyd har i ei årrekkje støtta misjonsprosjektet til Mali gjennom Det Norske Misjonsselskap (NMS). **Toril Lange** som sjølv har vore misjonær i Mali, og no er trusopplærar, tek dette aspektet med inn i undervisninga i kyrkjelyden og ved leirar på Alværa misjonssenter. Når det gjeld naudhjelp, formidlar **Kirkens Nødhjelp** sin fasteaksjon viktige impulsar både til konfirantar og andre.

13.juni 2021 hadde ein ei gudsteneste med takkoffer til Israelmisjonen, der ei songgruppe frå Luster deltok med hebraiske songar, og kyrkjelyden fekk delta. Vakkert!

Samarbeid kyrkje – skule - barnehage

Hyllestad kyrkje har ei særskild plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad.

I januar 2020 utarbeidde soknepresten, saman med rektor og teamleiarar ved Hyllestad skule, ein samarbeidsplan for dei ulike klassane. Det var fleire år sidan ein hadde hatt ein slik plan.

Denne planen, kom på grunn av nedstenginga, ikkje i funksjon før på slutten av 2020. Då hadde ein nokre klassar i kyrkja. I januar og februar i 2021, hadde ein og det.

Planen er eit godt utgangspunkt for samarbeid vidare, men har enno ikkje komme i den breidda som var tiltenkt. Det vert det arbeidd med no.

Skulegudstenesta til jul er godt innarbeidd, og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein er veldig glad for å kunne få gjennomført to gudstenester for Hyllestad skule 20.desember. Det er jo vanleg fritaksrett, men mest alle er med.

I veka før jul var det gudsteneste for barnehagen med fin deltaking.

Konfirmasjonsundervisning

På grunn av nedstenginga vart og samarbeidet med Lavik noko amputert for konfirmantåret 2020/2021. Linda Ølmheim, Toril Lange og Audun Systad hadde hovudansvar, men for å halde smittevernsreglane vart undervisninga to stader.

I Hyllestad var det 9 som følgde undervisninga, og difor var ein heldig å få dei fleste av timane, når ein var så få. Ein nytta opplegget «Delta».

Linda skreiv dette i kyrkjelydsblad 1/2021:

«For ein flott flokk som er konfirmanter her i Hyllestad dette året. På tross av koronatider med kansellering av både Nattcup og konfeleir - så har vi aldri høyrte noko surmuling om det - sjølv om eg er sikker på dei så gjerne skulle fått oppleve det.

Men jammen har vi hatt mange fine samlinger - som då vi var i prestefjæra i oktober med nydelig vær, grilling og lagde tru - håp - kjærleik av det vi fann i naturen. Så den flotte lysmesse der vi oppdaga sangtalenta denne gjengen innebar. Til juleavslutning såg vi film og knaska julekaker.

I staden for konfeleir var vi ein heil dag i Kvernsteinsparken med masse leik og aktivitetar i snøen - og etterpå tina vi oss opp i kyrkja. Og så den flotte utegudstjenesta i parken med fakler og det vakre lysbjartet i snøen - uforgløyemelege ♥ På

alle samlingar har vi starta med lystenning og sagt dette saman; Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følger meg skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys». Vi har vore gjennom mange stor og viktige temaer som omhandler ungdomslivet, undring, tru og tvil. Og ungdomane har alltid delteke i gode samtaler - drama - sang - leik.

I desse dager jobber vi oss mot ei avsluttande samtalegudsteneste som ser ut til å bli fantastisk. Vi håpar verkeleg at vi får den slik som planlagt.



Å få vere saman med så kjekk og reflektert ungdom er utruleg givande.» (L.Ø)

Og me kan legge til:



Samtalegudstenesta vart vel gjennomført 30.mai , med flott song av konfirmanntgruppa, flygel ved Emma, drama om «Sonen som kom heim», mitt bibelvers, bønner og lesingar. Ein fin kveld med familieane og nokre frå kyrkjelyden tilstades. Gruppa Moreld var med og song.

Så vart det ein lang sommarferie, før ein igjen møttest torsdag 19.august. Då vart det avslutningssamling i Sørbovåg, med grilling ved naustet til Audun og Kari, det var sporleik borte ved friområdet, ei fin økt med volleyball. Den siste veka i august var det øving til

sjølve konfirmanddagen. Konfirmasjonsdagane, søndag 29.august i Øn, og lørdag 4 . september i Hyllestad vart strålende dagar!. Det var skikkeleg kjekt for dei som vart konfirmerte annleisåret 2020/21!

Opplegget for det nye kullet som starta i haust er tilsvarende som før, og vi har samla konfirmandane i Lavik og Hyllestad i Hyllestad kyrkje. Toril Lange og Linda Ølmheim fortsette som leiarar, no saman med Karl Hjelmeland. Talet på det nye kullet i Hyllestad er 9. Utanom dei vanlege timane har vi hatt to spesielle samlingar, begge på Alværa. Tysdag 19. oktober samla eit team med blant anna «Farmenpresten» Thor Haavik og eit band, alle utsendt frå bispedømmet, konfirmandane frå Hyllestad, Lavik, Høyanger, Kyrkjebø, Vadheim og Sørsida til ein «happening» på ettermiddagen og kvelden. Fredag 12. november hadde vi ein heil konfirmanddag på Alværa for konfirmandane frå Hyllestad, Lavik og Sørsida.

BASE CAMP I HYLLESTAD 8-10 OKTOBER



Base Camp vart i haust arrangert i Hyllestad for 6-gang, etter ein «Korona pause» då vi ikkje fekk gjennomført arrangementet i fjor. I år var det ungdommen som stod for all planlegging av møter og aktivitetar, samt promotering av Base Camp. Vi «vaksne» var med og organiserte lån/leige av skule, Hyllestadhall og Kvernsteinspark, og stod for innkjøp og tillaging av mat.

Om det var utstrakt bruk av «moderne» annonsering, via Instagram, Facebook m.m. som gjorde utslaget, eller om dette

var eit lenge etterlengta arrangement etter lang Korona isolasjon, skal vere usagt, sannsynlegvis ein god kombinasjon, men uansett vart det strålende ny rekord i påmelde til årets Base Camp. Nesten 90 ungdommar var påmeldt og møtte opp i Hyllestad denne helga, og på alle møter i kyrkja denne helga var vi i snitt ca. 110 frammøtte, noko som vi er svært godt fornøgd med. Tema for helga var: FRIHEIT

Hovudpunkt i arrangementet for helga 2021 var:

- Samling med møte og lovsong i Hyllestad kyrkje fredag kveld (ope for alle)
- Føremiddagsmøte i kyrkja laurdag
- Seminar med spørsmål og svar
- Aktivitetsdag i kvensteinsparken og i Hyllestadhallen
- Kveldssamling i Hyllestad kyrkje m. møte, lovsong og underhaldning
- Gudsteneste i Hyllestad kyrkja søndag (ope for alle)

Base Camp i Hyllestad opplever vi som eit viktig arr. og også i år var vi svært glad for å notere ein god lokal gjeng med Hyllestad ungdommar som deltok denne helga. Særleg gledeleg var det at ei rekke ungdommar frå Gulen tok turen, i lag med deira prest Per Børge Hillestad.

Dette gjev alle som er med å arrangerer ny energi og vilje til å planlegge for nytt arr. til hausten 2022, så det er berre å sette av fyrste helga i haustferien alt no 😊

I år hadde ungdommen fått ingen ringare enn Mike Pilavachi til å ta turen frå England, som hovudtalar på Base Camp. Han står bak organisasjonen Soul Survivor som har sitt utspring frå den engelske kyrkja i Watford, og det var tydeleg at han hadde god kjemi med ungdommen, og det var ei stor oppleving å høyre han snakke om «Friheit» i Hyllestad denne helga.

Ei takk til alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, og stiller opp som nattevakter og med tilrigging og nedrigging av utstyr, anten dei er tilreisande eller frå Hyllestad, utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere på ein slik god måte som Base Camp i Hyllestad er blitt.

Men den største takka går til våre fantastiske «vaksne» ungdommar, med leiar Mari Dale Salbu i spissen, for deira store innsats og for deira positive entusiasme og glede, anten dei er oppvaksne i Hyllestad, Askøy, Bergen eller andre stader.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er noko mange ungdommar gler seg til kvart år, og mange reiser også lang veg for å kunne delta her år etter år. For våre lokale ungdommar trur vi det er svært viktig å få oppleve at andre ungdommar frå våre nabo kommunar, og frå Bergen, Askøy, Arna, Lindås, Haugesund m.fl. kjem til Hyllestad, får ei positiv oppleving som dei deler i lag, og der nye vennskspsband vert knytt.

Takk for Base Camp 2021 og vel møtt til Base Camp nr. 7 i rekka, hausten 2022 😊

Jostein og Kirsten Ryland



KYRKJELYDSBASAR 31.oktober



Hyllestad kyrkje var fullsett, med litt over 100 personar sessa kring småbord, denne dagen. Vanen tru, kort andakt til opning før ein gjekk over til rein basar. Song-gruppa Moreld gledde oss med flott song. Jostein Ryland hadde ein solid gjennomgang av alt barne og ungdomsarbeidet som er i kyrkja i Hyllestad, jammen er der mykje aktivitet! Inntekta frå basaren går til å driva nett dette arbeidet. Flott at dette vart sett ord på og på ein måte som engasjerer.

Det heile vart toppa med auksjon av handstrikka plagg/vottar/sokkar mm. Hadde aldri trudd at auksjon kunne vera so underhaldande, men Jostein Ryland som auksjonarius....., det er underhaldning det! Flott levert, gav ei fantastisk god stemning.

Takk til soknerådet og ei ekstra takk til basarnemnda; Anny Dale Fureli, Magnhild Hofland, Kirsten Gravdal Ryland, Åshild Akse, Reidun Skår og soknerådsleiar Linda Ølmheim, for flott tilrettelegging og ein formidabel innsats. Takk og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Totalt kom det inn heile kr 80.700 på basaren. Dette er ny rekord!

Konsertar:

Svært tett med konsertar før jul i år. Alle konsertane vart ei stor oppleving, kvar med sitt musikalske uttrykk. Utøvarane gav uttrykk for at Hyllestad kyrkje var eit godt rom å koma til. 21.nov. Song-kveld/ «nesten konsert», med Kjell-Ivar Aase m.fl., Arr.: Hyllestad sokn.

Tilstades:47

24.nov. Konsert med Solveig Leithaug, Arr.: Kirsten og Jostein Ryland. Tilstades:35

27.nov. Konsert med Kloster Trio, Arr.: Hyllestad kommune, Hyllestad Folkeakademi og Hyllestad sokn. Tilstades: 22

8.des. Konsert: A soulful christmas, Håvard Husevåg, Ole Petter Ålgård og Henrik Hovland, Arr.: Musikarar og Hyllestad sokn. Tilstades: 27

12.des. skulle det ha vore julekonsert, denne vart avlyst grunna smittesituasjonen i kommunen.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kom ut med berre to nr. i år og, normalen har vore tre nr. pr. år. Kan henda vert to nr. i året den nye normalen? Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Bladpengar, saman med annonseinntekter, gjer det mogeleg å fortsetje å gje ut bladet. I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*), heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no)

Våren 2020 avslutta lokalavisa Firda gratistenesta Det Skjer. No blir gudstenester kunngjort kvar laurdag i ei felles annonse for heile Firda sitt dekningsområde. Der står berre stad og klokkeslett, og det blir vist til heimesida for meir informasjon. På heimesida vår, www.hyllestad.kyrkja.no, finn ein gjeldande gudstenesteliste.

Kyrkjer, kapell og gravplassar

Kyrkjer

Bø kyrkje

Biskopen godkjende riving av dei to utvendige skorsteinane på Bø kyrkje. Seinhaustes vart skorsteinane fjerna og det er ingen spor att etter dei bortsett frå bildedokumentasjon.

Dessverre vart ikkje tårnet måla slik som planlagt, men vil bli gjort våren 2022. Tårnet stod att etter måling av kyrkja i 2020.

Hyllestad kyrkje.

Vindaugsvedlikehaldet held fram, no innvendig vedlikehald av vindauga mot nord. Vindauga mot syd må kittast på utsida før ein gjer ferdig på innsida, då ein del av srossene var våte.

Tårnet vart sikra mot å «klappe saman». Tårnet har store roteskadar og eit par sperrer var i ferd med å sige i frå bjelkane. Dette var strakstiltak som vart vølt seinhaustes av Nedre Jølster Bilelag as. Kyrkjetenaren jobbar inn i mellom med rommet bak orgelet som skal nyttast til sårt tiltrengt lagerplass.

Det digitale orgelet som kom på plass i 2018 har fungert fint. Men har vore og er litt utfordring med manualar som har blitt skifta ein gong, sommaren 2021.

Øn kyrkje og Øn kapell hadde ikkje vedlikehald dette året.

Øn kyrkje har problem med skiferen av dårleg kvalitet på taket, der det hender at heller det ned. Utfordringa er å få nokon til å legge hellene tilbake på plass på grunn av høgda som krev ekstra høg lift med ekstra sertifisering av dei som nyttar den.

Gravplassar

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjerjing av hekk og trær. Fjerning og knusing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Dugnadsarbeidet med å skifte ut gjerdet rundt gravplassen som vart påbyrja i 2020 fortset litt også dette året, men koronarestriksjonane la ein dempar på lysta til aktivitet. Ein del står difor att. Arbeid med ny platting/rampe ved toalett og reiskapshus vart påbyrja og berre strekkmetallristene sto att ved årsskiftet. Det er godt å få skifta ut den glatte trerampa.

Hyllestad gravplass

Arbeid med festeavklaring og opprydding på felt nedom kyrkja held fram. Ved gravlegging nyttar vi no oftast det omregulerte feltet på oppsida av kyrkja.

Øn gravplass

Her og står det mykje oppryddingsarbeid att på dei gamle gravfelta. Ein del gamle fastmerkje vart skifta ut med nye.

Oppgåver på gravplassane som MÅ bli realisert.

Vi har som mål å få realisert litt kvart år.

Bø gravplass:

- ✓ Fortsetje dugnadsarbeidet med utskifting av gjerdet rundt gravplassen.
- ✓ Kome a jour med festeavklaring og få rydda det gamle gravfeltet nær kyrkja som er stengt for graving.
- ✓ Undersøke om nemnde gravfelt kan nyttast til urnefelt.
- ✓ Måle og vedlikehalde toalett / reiskapshuset (tidlegare bårhuset) .

Hyllestad gravplass:

- ✓ Reiskapshus i skråning mot veg er heilt påkravd
- ✓ Vasspost – frittstående borte frå kyrkjeveggen.
- ✓ Festeavklaring på felt B på nedsida av kyrkja.
- ✓ Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken.

Øn gravplass:

- ✓ Bore etter vatn – er problem med vassforsyninga.
- ✓ Fortsetje arbeidet med festeavklaring og få fjerna gravminne frå graver som ikkje lenger er ønskt festa. Dette er eit svært tidkrevjande arbeid som vil strekkje seg fram i tid.
- ✓ Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken.
- ✓ To nye benkar.

Hyllestad sokn Rekneskapen 2021 Årsberetning

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokn sin rekneskap har fire tenester:

Kyrkjeleg administrasjon (041), Kyrkjer (042), Gravplassar (043) og Anna kyrkjeleg verksemd (044). Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første tenestene.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke*. Gjeld frå 1.1.2021.

Hyllestad sokn eig gravplassane og har ansvar for gravplassforvaltinga. Dette i samsvar med «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) §1, 4 ledd og §23. Kommunens finansieringsansvar for gravplassforvaltinga står i Gravplassloven § 3 «*Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.*», 2-3 ledd.

044 Anna kyrkjeleg verksemd (tidlegare soknerådsaktivitet, kyrkjelydsbyggande aktivitet)

Inntektene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er offer, gåver, øyremerka tilskot og basar m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut. Bøker som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Soknerådet mottok tilskot frå «Rettssubjektet Den norske kyrkja» til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kyrkjerådet via bispedømmerådet. Tilskotet dekkjer ikkje alle utgiftene soknet har til kyrkjelydspedagogstillinga. Basarinntekter og gåver fullfinansierer tiltaket.

Tenestene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er knytt til kvart sitt bunde fond. Dette fordi inntektene er øyremerkte og skal nyttast til bestemte føremål. Desse tenestene vert difor, med unnatak av utgifter til konfirmentarbeid, avrekna mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Tenestene går i balanse. Dette også fordi desse tenestene skal haldast utanfor dei tre tenestene (Administrasjon, Kyrkjer og Gravplassar) der kommunen har finansieringsansvar.

Rekneskap - årsavslutning

Frå 1.1.2021 gjeld nye rekneskapsføreskrifter der det er endring når det gjeld avslutning av rekneskapen (årsavslutning). Endringane gjeld særleg strykningsreglar både ved mindreforbruk og meirforbruk.

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta i balanse.

Mindreforbruket i 2020, kr 17 089, er sett av på ubunde fond. Kr 6 383 er brukt av ubunde fond.

DRIFTSINNTEKTER

Sum driftsinntekter inkludert inntekter under 044 Anna kyrkjeleg verksemd er kr 3 195 542.

Driftstilskotet frå kommunen kr 1 828 200.

Brukarbetaling, avgifter og leigeinntekter kr 119 342, Refusjonar/overføringar kr 362 963.

Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 198 953.

Tilskot frå rettssubjektet Den norske kirke (Kyrkerådet) kr 488 447. Tilskotet kr 473 447 til trusopplæring, interkommunal stilling; 25 % Hyllestad og 50 % Høyanger. Resten kr 15 000 er eit lite koronatilskot.

Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet kr 197 637. Det er i hovudsak utgifter kommunen har til rekneskapsføring, lønsutbetaling, revisjon, kontorlokale og snøbrøyting.

Inntekter som er vanskeleg å budsjettere er festeintekter og provisjonsinntekter. Fleire inntekstpotensiale har ikkje soknet.

Festeinntekter er usikre fordi ein på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av tilbodet om feste av grav.

Provisjonsinntekt

Inntekter for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn er kr 4 272. Ein del mindre enn i 2020. Usikre inntekter då vi på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av denne tenesta. Dette er kjærkomne inntekter, då det framleis er svært mykje oppryddingsarbeid som står att på gravplassane. I tillegg er formidling av gravminnesal brutto kr 17 475. Utgifter til oppsetjing kjem til fråtrekk.

DRIFTSUTGIFTER

Sum driftsutgifter inkludert utgifter under tenestene 044 Anna kyrkjeleg verksemd er kr 3 188 277.

Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 1 640 300.

Pensjonsutgifter til KLP er ein stor kostnad, også for soknerådet, kr 275 286. Kostnaden er vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste.

Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid. Dette året var reguleringspremien svært høg kr 122 308.

Kjøp av varer og tenester kr 1 045 627. Refusjonar/overføringar kr 257 603. Tilskot og gåver kr 47 108

Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet kr 197 637.

MVA-refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 227 968. Av dette er kr 37 829 i investeringsrekneskapen.

Avskrivingar kr 129 319

Bruk av avsetningar og avsetningar er inkludert tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, der det, som tidlegare nemnt, er avsetning til og bruk av bundne fond.

Sum bruk av avsetningar kr 88 691. Sum avsetningar kr 95 956.

Meirforbruk / Mindreforbruk kr 0

TENESTEOMRÅDE

04100 Kyrkjeleg administrasjon.

Soknerådet sine lovpålagte oppgåver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss – storleik, samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein, som til KA, også betalar årlege avgifter.

Driftsutgift: kr 820 835 inkludert mva kr 16 307, overskot i 2020 kr 17 089 og kalkulatoriske utgifter/inntekter kr 197 637.

04200 Kyrkjer

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Det er krevjande, både for ein liten kommune og soknerådet, å ha ansvar for ein stor bygningsmasse. Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar.

Driftsutgift kr 990 315 inkludert mva kr 50 731, eks. avskriving kr 129 319. Driftsinntekt kr 139 835 inkludert mva kr 50 731 og refusjon sjukepengar kr 50 778 mm..

04300 Gravplassar

Hyllestad , Bø og Øn gravplass.

Driftsutgift kr 594 782 inkludert mva kr 114 842. Driftsinntekt kr 184 847.

Inntekter er festeinntekter, innbetaling for utanbygds gravferd og gravstell.

Investeringsrekneskapen

Hyllestad kyrkje har hatt to prosjektet; restaurering av vindauge og innvending sikring av tårnet.

Bø kyrkje fekk fjerna dei to utvendige skorsteinane.

Totalt kr 151 314 + mva kr 37 828,50.

Soknet fekk kr 350 000 i tilskot frå kommunen til investering, som i første omgang vart sett av på ubundne investeringsfond. Restaurering av vindauge av Hyllestad- og Bø kyrkje fortset i 2022.

Kjøp av aksjar, andelar er Eigenkapitaltilskot til KLP kr 6 383 som og skal førast her.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Kyrkjelydsarbeid. Offer til kyrkjelydsarbeid er ført her med kr 12 611, der kr 878 er overført til diakoni og kr 11 077 er avsett på bunde fond.

Offer som er overført organisasjonar ligg på nivå med fjoråret.

Ved ofring i kyrkjene har det skjedd ei dreining til meir Vipps og mindre kontantar.

På grunn av gebyr til Vipps og ved bankinnskott er ikkje inntekt og utgiftspostane nøyaktig like store slik som tidlegare.

Offer til anna arbeid/andre organisasjonar: overført kr 25 799. Fasteaksjonen var digital og ikkje synleggjort i rekneskapen. Offer til Kirkens Nødhjelp kr 6 319. NMS til misjonsarbeid i Mali kr 10 163.

Konfirmantarbeid

Tenesta kjem ut med kr 6 113.

Trusopplæring (0-18 år)

omfattar alt som gjeld dåpsopplæring med unnatak av utgifta til kyrkjelydspedagogen (04436), konfirmantundervisning og BaseCamp (04460).

Kyrkjelydsbasaren let seg heldigvis gjennomføre i haustens koronapause (måtte avlysast i 2020) og inntektene frå basaren var kr 80 700.

Offer kr 13 671. Koronatilskot frå DNK kr 15 000.

Kr 43 632 er intern overføring kr 38 632 til 04436 Trusopplæring interkomm, soknet si eigenfinansiering av kyrkjelydspedagogstillinga. Resten, kr 5 000, til 04460 Barne og ung.arb. som støtte til konfirmantane si deltaking på BaseCamp i oktober.

Kr 54 334 er sett av til bundne fond.

Trusopplæring – interkommunal samarbeid

Kostnadar med kyrkjelydspedagogstillinga (25% Hyllestad sokn og 50% sokna i Høyanger).

Det årlege statstilskotet (via kyrkjeråd og bispedømmerråd) til trusopplæring er kr 473 447. Ei lita auke frå året før, men ikkje stor nok til å kompensere løns- og prisveksten. Til dette viktige arbeidet i Hyllestad kjem som nemnt basarinntektene godt med til fullfinansiering. Tenesta har ei eiga avrekning mot bunde fond og overføring frå Høyanger kyrkjelege fellelsråd.

Diakoni: Bruk av kr 878 intern overføring av offermidlar til kyrkjelydsarbeidet. (blomehelsing, jul til pårørende og bøker til utdeling).

Barne- og ungdomsarbeid. Her er ført inntekter og utgifter til Base Camp helga 8.-10. oktober.

Tidlegare soknerådsmedlem Jostein Ryland har ansvar for aktivitet og delegert ansvar for økonomi under denne tenesta. Tenesta er balansert ved bruk av kr 8 922 frå bunde fond.

Kyrkjelydsblad: Gåve/Bladpengar er kr 39 752. På grunn av at vi ikkje fekk tid til å gje ut meir enn 2 av vanlegvis 3 blad, vart mindreforbruket kr 8 013 sett av på kyrkjebladet sitt bunde fond.

§12 (4) I årsberetningen skal det gjøres rede for

a. *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer,*

Hyllestad sokn har 5 fast tilsette, 3 menn og 2 kvinner. Soknepresten som har Bispedømmerrådet som arbeidsgjevar, er mann.

Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemmer, 5 kvinner og 1 mann. I tillegg møter soknepresten som er mann. Det er òg den kommunale representanten.

Rådet har 5 varamedlemmer, 4 menn og 1 kvinne. Personleg varamedlem til både soknepresten og den kommunale representanten, er menn.

b. *eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,*

Ved soknerådssval blir det arbeidd for god kjønnsfordeling, men til siste val lukkast det ikkje.

c. *eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og*

d. *eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.*

Ingen merknad under c og d.